

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 5/2021 Forvaltningsrevisjonsrapport om heimetenestene

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 22.2.2021	Saknr 5/2021
---	------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG.

I forvaltningsrevisjonen er det gjennomgått ulike aspekt ved organiseringa av heimetenesta. Det er gjort vurderingar kring tildeling av heimetenester og kring kapasitet i heimetenesta.

Hovudkonklusjonen til revisor er som følgjer: Revisor vurderer at:

- rutinane for tildeling av heimebaserte teneste tek tilstrekkeleg omsyn til søkaren, at utgreiinga er tilstrekkeleg og at effektiviteten i tenesteytinga og tildelingsprosessen er forsvarleg.
- kommunen sitt system for kartlegging av behov tek omsyn til høve knytt til pasienten, sikrar medverknad og oppfyller krav til utgreiing og organisering i samsvar med krav i lovverket.
- vedtak om tildeling av tenester eller avslag på tildeling av tenester generelt er i samsvar med krava til enkeltvedtak i forvaltningslova og pasient- og brukarrettslova.
- systemet for samarbeid ikkje verkar negativt inn på tenesteutøvinga.
- kommunen sine rutinar for evaluering av tenester i hovudsak fungerer hensiktsmessig.
- den formelle organiseringa syner å ivareta omsyn til pålagte oppgåver og arbeidsmiljøet til dei tilsette.
- det er vesentlig at kommunen held fram arbeidet med å oppretthalde stabilitet i leiinga i heimetenesta.
- det er viktig for kommunen å dimensjonere bemanninga rett i høve til oppgåver.

Revisor si tilråding er at Lærdal kommune prioriterer følgande:

- Sikre stabilitet i leiinga i heimetenesta over tid.
- Vurdere å auke årsverk, særleg knytt til:
 - Sjukepleiarar, for å sikre tilgang på rett fagkompetanse ved behov.
 - Sakshandsaming tildeling av tenester, for å sikre trygg sakshandsaming til rett tid.
- Oppdatere køyrelistene jamleg, slik at dei er i samsvar med gjeldande behov.
- Auke fokus på å melde frå om redusert tenestebehov.

Tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå forvaltningsrevisjonen.

Kontrollutvalet vil rå til at tilrådingane i rapporten vert følgt opp og sett i verk i det vidare arbeidet med å sikre kvaliteten og effektiviteten i heimetenesta.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport hausten 2021.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	15.02.2021	KPMG	Forvaltningsrevisjon heimetenesta

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Kontrollutvalet bad til sitt møte 15.6.20 KPMG om å lage ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som tok utgangspunkt i prosjekt nummer 3 og 4 i den då gjeldande plan for forvaltningsrevisjon. Dette gjaldt forvaltningsrevisjon av heimetenesta og forvaltningsrevisjon av tildeling av pleie- og omsorgstenester. Utkast til prosjektplan vart lagt fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjekk gjennom planen og ønskte nokre endringar. Det vart gjort slikt vedtak i sak 15/20:

«Kontrollutvalet vil, med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, setje i verk ein forvaltningsrevisjon av heimetenesta i i samsvar med framlagt prosjektplan frå KPMG, samt dei endringane av prosjektplanen som kontrollutvalet kom med innspel om i møtet.»

Gjennomføring:

KPMG har hatt oppdraget med å gjennomføre forvaltningsrevisjonen, basert på deira endelege prosjektplan av 15.6.20.

I vedlagte rapport har dei gått gjennom metode og datagrunnlag og gitt sine svar og tilrådingar. Vi viser til samandraget i rapporten, side 4 og 5, for ei kort oppsummering av hovudfunna.

Elles består rapporten av 5 kapittel, der kapittel 1 er innleiing, med føremål og problemstillingar, samt metode og revisjonskriterium. Kapittel 2 - 3 er datagrunnlag (fakta) og vurderingar. I kapittel 4 kjem revisor med sin konklusjon og tilrådingar. I kapittel 5 er vedlagt uttale frå rådmannen. Som det går fram av rapporten ynskjer ikkje rådmannen å gje ein formell uttale til rapporten då rådmannen er ny frå 01.08.2020.

Konklusjonen til revisor er summert opp i tilrådinga i denne saka. For detaljar elles vert det vist til samandraget og rapporten elles.

Forvaltningsrevisor vil presentere rapporten over videokonferanse i møtet.